



Flora kommune
Postboks 264

6900 FLORØ

Sakshandsamar:

Annlaug Helene Kjelstad
E-post: Annlaug.Helene.Kjelstad@sfj.no
Tlf.: 99456724

Vår ref.

Sak nr.: 15/8177-5

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

42384/15

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 25.09.2015

Flora kommune - Kommuneplan - Administrativ fråsegn til arealdel

1. Innleiing - Samandrag

Flora kommune har lagt ut på høyring Arealdelen til kommuneplanen (2015-2020). Dokumenta i saka er tilgjengeleg her <https://www.flora.kommune.no/kommuneplanen-sin-areaaldel-paa-hoeyring-01-juli-26-august-utvida-hoeyringsfrist-til-11-september.5775492-186281.html>

Flora kommune vedtok i 2013 Samfunnssdelen til kommuneplanen, og skriv følgjande om det vidare planarbeidet:

«I samsvar med planstrategien for Flora kommune, jfr sak Byst 146/12, er det lagt opp til revisjon av kommuneplanen sin samfunnssdel og arealdel.

Samfunnssdelen vart vedtatt 12.12.2013 i Bystyresak 171/13. Den no gjeldande arealplanen vart vedtatt i 2003 og var aktuell for perioden 2003-2013.

Arealplanen skal no rullerast i samsvar med ny PBL frå 2009. Planprogrammet for arealdelen vart vedtatt 04.06.2015 i Bystyresak 052/13.»

Flora kommune legg fram ein arealplan for heile kommunen med unntak av Florelandet/Brandsøy, Eikefjord og Stavang som alt har eigne kommunedelplanar. Arealplanen har som ambisjon å være ein heilskapleg plan for den fysiske utviklinga i Flora. Arealplanen tek for seg mange og svært relevante problemstillingar og har søkt å løyse dette gjennom ein oppdatert og gjennomtenkt arealplan. Fylkeskommunen vil gje honnør til kommunen for kartframstillinga og tilgjengeleight på relevante dokument i saka.

Fylkeskommune har den 03.09.15, i høyringsperioden, gjennomført eit drøftingsmøte med administrasjonen i kommunen. Varsel om motsegn vart drøfta i dette møte. Også problemstillingar knytt til LNF Spreidd busetnad, oppfølging av kulturminneplanen og mangel på omsynssoner, faglege synspunkt kring sjøbuer m.m., vart drøfta i dette møtet.

Flora kommune har valt å ta opp kulturminne som eit eige tema i samband med revisjon av kommuneplanens arealdel i staden for å lage ein eigen kommunal kulturminneplan. Kommunen har, på same måten som dei andre kommunane i fylket, motteke økonomisk stønad og fagleg rettleiling frå Riksantikvaren og fylkeskommunen i dette arbeidet. Intensjonen med kulturminnearbeidet er å kartlegge lokalt viktige kulturminne og prioritere mellom desse. Målet med handlingsplanen er å konkretisere tiltak og å gjere tiltak juridisk bindande gjennom kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar.

Nordplan har på vegne av Flora kommune utarbeidd ein eigen plan for forvalting og utvikling av sjøhus. Bakgrunnen for arbeidet er å implementere retningsliner for forvalting og vedlikehald av dei gamle sjøhusa i kommuneplanen.



I arbeidet med sjøbuer har Nordplan freista å gje eit historisk overblikk, sett på situasjonen i dag, omtalt særlege verdiar og sett på norm for forvalting. Sjøbuene som ligg på Svanøy, Askrova-Tansøy, Rognaldsvåg, Fanøy, Kinn, Batalden, Barekstad og Hovdevågen er trekt fram.

Kommunen har òg utarbeidd eit eige temakart for kulturminne. Temakartet vart sendt over i etterkant av at arealdelen vart sendt på høyring, den 28.08.2015. På temakartet er alle dei automatisk freda kulturminna merka med rune-R. I tillegg er det lagt på to omsynssoner: ei på Kinn og ei på Svanøy. Utanom desse to kulturminna, er ikkje dei vedtaksfreda kulturminna merkt. Verneverdig kulturminne frå nyare tid er ikkje valt ut og gitt ein omsynssone med føremål bevaring i temakartet.

Fylkeskommunen har sendt over høyringsforslaget til Riksantikvaren som har ansvaret for mellomalderkyrkjer og mellomalder kyrkjegrunn og til Bergen sjøfartsmuseum som har ansvaret for kulturminne i sjø/vatn. (jfr brev frå Riksantikvaren, datert 08.09.2015 og brev frå Bergen sjøfartsmuseum, datert 08.09.2015)

Motsegnene som fylkeskommunen har til planen vert handsama som eiga politisk sak i Fylkesutvalet 30.09.15.

Som høyringspart med ansvar for omsyna etter kulturminnelova, samfunns/lokalsamfunnsutvikling og klima og i samsvar med gjeldande lover, statlege planretningslinjer m.m., uttaler fylkeskommunen seg om følgjande tema i planen:

- Fylkeskommunen varslar motsegn for områda FB 32, C1 og C2, jamfør politisk sak for Fylkesutvalet 30. september.
- Fylkeskommunen meiner at kommunen gjennom omfattande bruk av arealføremålet LNF Spreidd i planen, ikkje har makta å følgje opp dei klare og grunngjevne planfaglege målsetjingane i si eiga Planskildring om å bygge vidare på dei små grendene. For å fylle intensjonane om bygging nær/ved båtstoppa og bidra til ei tettare utvikling i grendene, rår fylkeskommunen til at kommunen monaleg reduserer bruken av LNF Spreidd.
- I område for LNF Spreidd vert det tilrådd å trekke byggegrense mot sjø gjennomgåande lenger frå flomålet. Dette grunngjekast både i klimatilpassing og i omsynet til kulturminne i strandlinia. Ved båtstoppa og i andre mindre område med bygningar på øyane og ved kysten, kan byggegrensa tillatast nærmere flomålet, men likevel slik at oppholds- og bustadarealet ligg 3 meter over flomålet, jamfør føresegne.
- For Temakart Kulturminne rår fylkeskommunen til:
 - å legge inn omsynssoner for Kulturminne (H570) med krav om søknad ved riving og andre endringar
 - å legge inn omsynssoner (H570) for Sjøbuene og dei prioriteringane som vert gjort.

2. Sentrale problemstillingar – arealplanen generelt

Fylkeskommunen meiner at kommunen ikkje har makta å følgje dei klare og planfagleg godt funderte målsetjingane i Planskildringa om å bygge vidare på dei små grendene, med den svært omfattande bruken av arealføremålet LNF Spreidd i planen. Fylkeskommunen vil tilrå at kommunen monaleg reduserer bruken av LNF for å fylle intensjonane om bygging nær og utvikling i grendene og ved båtstoppa. Dette vil måsetjinga om heilskapleg samfunnsplanlegging. Statleg planretningsline for krav til samordna areal- og transportplanlegging verkar inn på vurderinga av dette. Nokre moment i høve utfordringar med forvaltning av LNF Spreidd sett frå fylkeskommunen sin ståstad:

- Bygesaksforskrifta – nye reglar for mogeleg bygging/riving inntil 50 m²
- Krav om reguleringsplan ved mogeleg meir bygging enn 2 einingar med bustader/fritidsbustader/nærings
- Rår til å legge inn krav om regulering av mogeleg bygging LNF i Ausevika, alternativt endre føremålet til bustadbygging, men med krav reguleringsplan for området
- Sterkare krav i til terrengtilpassing i det opne kystlandskapet

I område for LNF Spreidd vert det difor tilrådd å trekke byggegrense mot sjø gjennomgåande lenger frå flomålet. Viss fylkeskommune skulle anbefale ein gjennomgåande byggegrense, ville

vurderinga ligge på ca 30 meter frå strandlina/flormål. Dette grunngjenvast både i klimatilpassing og i omsynet til kulturminne i strandlina. Ved båtstoppa og i andre mindre tettbygnader kan byggegrensa tillatast nærmere flomålet, men likevel slik at oppholds- og bustadareal ligg 3 meter over flomålet, jamfør føresegnerne.

3. Kulturminnegrade merknader

3.1 Automatisk freda kulturminne

Gravrøyser langs den indre kystleia

Langs den indre kystleia i Noreg ligg det gravrøyser frå bronsealder og jernalder. Gravrøysene har nasjonal verdi. Kvar enkelt gravrøys er eitt unikt kulturminne, samstundes som heile rekka med gravrøyser kan sjåast på som eit samanhengande kulturminne – eit gravfelt.

Gravrøysene representerer ein viktig del av kulturhistoria vår. Frå denne delen av historia har vi ikkje skriftleg kjeldemateriale som kan fortelje oss om korleis folk før oss levde.

Gravrøysene vart lagt langs leia fordi dei skulle vere synlege for folk som kom farande forbi og fordi den døde som låg i grava skulle sjå dei reisande. Slike gravrøyser finn vi òg langs kysten og inn over i fjordane i fylket vårt, til dømes i Flora og Askvoll kommunar og inn i Sognefjorden.

Gravrøysene ligg gjerne ute på nes, eller på område med god utsikt.

Vi har berre nokre få gravrøyser att, fordi utbygginga fleire stader har ført til at røysene har måtta vike. Derfor har kyst- og fjordkommunane eit ekstra ansvar med å ta vare på og forvalte dei gravrøysene som er att.

I Flora kommune er det særskilt konsentrasjonar med slike kystrøyser på Årebrot. I tillegg ligg det fleire gravrøyser samla på Hovden (Store Kroksøya), på Nordre Nærøya, på den austre delen av Reksta og Askrova, ved Steinaneset i Stavang og ved Svortevikja.

Vegetasjonen langs ytterkysten i Florø er open, med mykje berre berg og knausar. Utbygging i slike terrenget blir derfor veldig synleg i landskapet. Det er derfor viktig at kommune sikrar at gravrøysene blir bevart, og syter for at landskapet mellom sjø og røys vert halde ope.

Gravrøysene er kulturminne som er lett å formidle fordi dei ligg så synlege i terrenget. Såleis har gravrøysene ein særmerkt opplevings- og kunnskapsverdi som næringslivet lokalt kan nytte seg av.

Fylkeskommunen ber om at gravrøysfelta i Flora kommune vert sikra særskilt med ein eigen omsynssone for kulturminne jfr plan- og bygningsloven (pbl) § 11-8 c) og SOSI kode H730_#, og undernummer som skildrar kva for kulturminne dette er.

Gravrøysmiljøet på Årebrot

I arealdelen er det to område på Årebrot der forslag til arealføremålet råkar den samanhengande rekka med gravrøyser: FB32 hytter og C2 campingplass.

FB 32 ligg på Kvalvikneset i Årebrot. Gravrøysa (ID55535) blir direkte råka av planforslaget.

Gravrøysa er ein del av eit samanhengande gravrøyssystem som går vidare nord og sørover langs kysten. C2 campingplass har fylkeskommunen nyleg rådd i frå i samband med dispensasjonshandsamling. Fylkeskommunen fekk medhald i klagen frå Fylkesmannen, jfr brev frå Fylkesmannen datert 09.04.2014.

Å legge hyttefelt og campingplass i Årebrot området slik som kommunen legg opp til i høringsforslaget vil øydelegge opplevinga av gravrøysene i området, samstundes som det vil auke presset på å få bygge i nærliken av andre gravrøyser i kommunen. Fylkeskommunen kan ikkje sjå at samfunnssnytten av desse to ulike tiltaka har større verdi enn bevaring av eit gravrøysmiljøet som er av nasjonal verdi.

Fylkeskommunen går til motsegn mot FB32 og C2 og ber om at arealføremåla vert tatt ut av planen. Motsega vert formelt handsama som eiga sak av Fylkesutvalet den 30. september.

Steinbrotet på Stakalleneset

Eit anna særmerkt freda kulturminne i Flora av nasjonal verdi er steinbrotet på Stakalleneset frå eldre og yngre steinalder. I Noreg kjenner vi berre til to slike steinbrot med så stort omfang; Hespriholmen i Bømlo og Stakalleneset i Flora. Det unike med Stakalleneset er at avfallsmassen etter brotet ligg att. Kulturminnet har derfor eit heilt unikt forskingspotensiale. Men steinbrotet på Stakalleneset er av same årsak eit svært sårbart kulturminne. Fylkeskommunen er derfor meir oppteken av å skjerme det førhistoriske steinbrotet enn å formidle det på staden.

I nærliken til Stakalleneset er det lagt inn forslag om ein campingplass i Sandvika: C1. Med ein campingplass i dette området blir det auka aktivitet i området noko som igjen vil auke presset på

eit svært sårbart kulturminne. I fyllgje Lov om kulturminne § 3 første ledd , må ingen «... sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredet kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje.» Fylkeskommunen kan ikkje sjå at samfunnssnytten av campingplassen er høgare enn vern av steinalderbrotet som er av nasjonal verdi.

Vi rår til at det vert lagt ei omsynssone jfr pbl § 11-8 c) og SOSI kode H-730 på heile Stakalleneset som sikrar kulturminnet og landskapet det er ein del av.

Fylkeskommunen går til motsegn mot etablering av campingplass C1 i dette området og ber om at arealføremålet vert tatt ut av planen. Motsegna vert formelt handsama som eiga sak av Fylkesutvalet den 30. september.

Mellomalderkyrkjestadene

Det er henta inn eiga uttale frå Riksantikvaren, sjå vedlegg. Her er kort attgjeve dei viktigaste merknadane deira:

Svanøy og Kinn mellomalderkyrkjestader er automatisk freda kulturminne, og skal visast som omsynssone d) bandlagt etter kulturminnelova i plankartet jf. pbl. § 11 - 8, SOSI - kode H - 730.Omsynssone d) skal ha svart rutenettkskravur. Koordinatane for avgrensinga av mellomalderkyrkjestadane ligg i Askeladden som skildra over.

Til mellomalderkyrkjestadene hører avgrensing av ei sikringssone på 5 meter, jf. kml. § 6, som inngår i det automatisk freda kulturminnet. Føresegner som sikrar god forvalting av mellomalderkyrkjestadane må innarbeidast i kommuneplanen. I føreseggnene for Svanøy og Kinn mellomalderkyrkjestad skal det stå:

"Mellomalderkyrkjegardene er eit automatisk freda kulturminne. Innanfor mellomalderkyrkjegardane er gravlegging berre tillate i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep."

"Alle inngrep i grunnen eller andre tiltak som kan verke inn på det automatisk freda kulturminnet er ikkje tillate utan etter dispensasjon frå kulturminnelova. Eventuell søknad om løyvet til inngrep skal sendast rette kulturminnestyresmakt, Riksantikvaren, i god tid før arbeidet er planlagd sett i gang. Kostnad er knytt til nødvendige undersøkingar og eventuelle arkeologiske utgravingar vert belasta tiltakshavar."

Kinn kyrkje er automatisk freda og bør i tillegg ha følgjande føresegner til omsynssone d):

"Kinn kyrkje er automatisk freda kyrkje. All bygging nærmere kyrkja enn 60 meter er forbode etter kyrkjelova § 21 femte ledd, utan løyve frå biskopen. Saker som gjeld Kinn kyrkje skal handsamast av Riksantikvarens omfattar vedtak etter kulturminnelova."

Dersom kommunen gir melding om at føreseggnene til kommuneplanen ikkje vert endra i tråd med Riksantikvaren sine merknader, og Sogn og fjordane fylkeskommune ikkje finn å ville fremje motsegn til planen, må fylkeskommunen utan opphør varsle Riksantikvaren om dette. Riksantikvaren vil i så fall normalt ta over planen som kulturminnestyresmakt og fremje motsegn til planen.

Spreidd bustadbygging (SPB), strandsone og kulturminne

Kommuneplanen legg opp til store areal for SPB.

I Lovkommentar til ny plan og bygningslov, av 01.07.2009, om LNF-R bokstav b, s. 94 står det at «:Det er krav at byggelsens omfang, lokalisering og formål er nærmere angitt i planen.» Vidare står det at «Dette innebærer at den oversiktsplassmessige siden av saken er avklart i kommuneplan, mens den detaljerte vurdering av det konkrete tiltaket på byggetomta i forhold til blant annet landbruk, naturvern, landskap, kulturvern, veg, vann og avløp må skje gjennom enekltsaksbehandlingen og bruk av lokaliseringsskriteriene som er gitt i planen». Vi anbefaler at kommunen brukar dette verktøyet med godt skjøn i høve plassering, og ved hjelp av føresegner sikrar at det ikkje blir uehdige inngrep i det opne kystlandskapet.

Fylkesrådmannen ser også at det er lagt opp til så mykje SPB heilt ned i flomålet, sjølv om byggegrensa er lagt 17-20 m høgare oppe. Veldig ofte ligg det fleire kulturminne med stor tidsdjupne i overgangen sjø-land, særskilt der det er langgrunt, som vorrar, steinbrygger,

tørrmurar og aktivitetsområde frå steinalder som er automatisk freda. Så lenge det ikkje er lagt eit tak på bygging av naust i strandkanten, vil desse områda stå i fare for å bli bygd ned. For nokre av SPB områda står det at arealet som er sett av til dette føremålet er neverande. Samstundes er fleire av SPB-områda blitt utvida med dette høyingsforslaget. Denne endringa må visast visuelt på kartet.

Innanfor SPB20 på Reksta nord ligg det automatisk freda kulturminne eit aktivitetsområde frå steinalder og gravrøys (gravfelt). Kulturminna bør ha omsynssone jfr pbl § 11-8 c) og SOSI kode H-730 rundt seg for å sikre landskapet til kulturminna.

Det vert lagt opp til spreidd bustadbygging i nærleiken av Ausevik (SPB68). Arealet bør reduserast mot aust slik at det ikkje vert etablert nye bygg i nærleiken av helleristningsfeltet. Den austre grensa til SPB-området bør gå ved gbnr 92/1. Alternativt kan det setjast krav om reguleringsplan for området, der det vert stilt vilkår i føresegndene om at den austlege delen av området skal fungere som vegetasjonsbuffer mot helleristningsfeltet.

Generelt

Vi minner om at fylkeskommunen ikkje formelt kan seie oss samd arealbruken i kommuneplanen. Vi ber difor om å få konkrete tiltak på høyring som tidlegare, jf. Lov om kulturminne §8.4. Dette gjeld tiltak etter PBL, Jordlova og Energilova.

Konklusjon automatisk freda kulturminne

Arealføremåla FB32, C1 og C2 er vurdert til ikkje å vere i samsvar med vern av automatisk freda kulturminne av nasjonal verdi. Motsegna vert handsama politisk i fylkesutvalet den 30. september.

Riksantikvaren har avgjerande merknader til føresegndene knytt til mellomalderkyrkjestadane. *Gravrøyselta i Flora kommune (på Årebrot/Botnane, på Hovden (Store Kroksøya), på Nordre Nærøya, på den austre delen av Reksta og Askrova, ved Steinaneset i Stavang og ved Svortevikja) må sikrast med eigen omsynssone jfr pbl § 11-8 d) og SOSI kode H-730. Omsynssone jfr pbl § 11-8 c) og SOSI kode H-730 på Stakalleneset må utvidast til også å omfatte landskapet steinalderbrotet er ein del av.*

Vi minner om at fylkeskommunen ikkje formelt kan seie seg samd arealbruken i kommuneplanen. Vi ber difor om å få konkrete tiltak på høyring som tidlegare, jf. Lov om kulturminne §8.4. Dette gjeld tiltak etter PBL, Jordlova og Energilova.

3.2 Kulturminne frå nyare tid

Vedtaksfreda kulturminne i Flora kommune

Mange av dei kulturhistorisk mest verdifulle kulturminna våre frå nyare tid har fått eit vern gjennom freding i medhald av Lov om kulturminne (Kml.). I Flora kommune er hovudbygningen på Svanøy, Ytterøyane fyrtasjon og Stabben fyrtasjon freda. For fyrtasjonane er det i tillegg freda eit område rundt bygningane. Vi finn det fint at dykk i *plankartet har lagt ein omsynssone ved Svanøy hovudgard, og vi ber om at denne vert utvida til å også omfatte sjølve hovudgarden slik at verknaden av hovudgarden i landskapet vert ivaretatt for framtida*. Hovudbygningen på Svanøy hovudgard skal merkast av i plankartet som omsynssone d) bandlagt etter Kulturminnelova, jf. Pbl § 11-8. Omsynssone d) har rutenettskravur.

I plankartet er ikkje fyrtasjonane avmerkte, *vi ber difor om at dei i plankartet vert synt som omsynssone d) bandlagt etter kulturminnelova jf. pbl. § 11-8, SOSI-kode H730. Omsynssone d) skal ha svart rutenett skravur*. Avgrensinga av omfanget av områdefredingane på fyrtasjonane ligg i Askeladden.

Verneverdig kulturminne i Flora kommune

Flora kommune er rik på kulturminner frå nyare tid. Kulturminne som er med å skape eit variert og godt bummiljø og samtidig styrke den loka identitet i Flora. Kulturminna er ein ressurs for den vidare utviklinga av Flora kommune, både i forhold til samfunnsutvikling, kultur- og næringsutvikling. Dei fleste kulturminna frå nyare tid er knytt til primærnæringane, landbruk og fiske. Dei gjev oss eit godt bilet på korleis ein lokalt har nytta naturen for å skape eit levebrød. I Florø finn vi fleire eldre sjøhusmiljø, med gamle sjøbue, naust og andre bygningar i eit godt bevart kulturlandskapet. Eldre bygningsmiljø, anten det er sjøhusmiljø med gamle murar, eldre industrianlegg, heile gardsanlegg, eller stølsvollar med fjøsar og restar etter eldre bygningar, er viktige kulturminne og kulturlandskap. I kulturminnesamanheng, er kulturlandskap med murar etter sjøhus, tufter etter gamle stølshus og vegfar, like så viktig som kulturmiljø med ståande bygningsmasse eller bygningar med ein spesiell arkitektur. Vi vil her tilrå at Flora kommunen i vel ut dei mest verdifulle sjøbruksmiljøa, og industrianlegg, bygningsmiljø eller stølsområda, med

tanke å sikrar dei store kulturminneverdiane desse områda representerer. Slike områder kan ver kulturmiljø med fleire SEFRAK- registrerte bygningar, naustrekker, sjøhusmiljø eller tidlegare industrianlegg som gruveanlegget på Svanøy. Dette kan gjerast ved aktiv bruk av omsynssone etter pbl. § 11-8 C, sone med særlege omsyn til bevaring av kulturminne og kulturmiljø, H570. Høvelege retningslinjer kan då vere:

Verneverdige bygningar, kulturmiljø (H570)

- *Kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på og utviklast som positive og identitetsskapande element i eit heilskapleg utviklingsperspektiv. Både enkelt-anlegg og verneverdige område bør sikrast.*
- *Før ombygging eller riving av eldre (SEFRAK-registrerte) bygningar vert avgjort, skal det hentast inn fråsegn frå antikvarisk styresmakt (fylkeskommunen). I alle bygningar eldre enn 1940 skal fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt få høve til å uttale seg med omsyn til restaurering av kledning, fasademateriale og vindauge.*
- *For bygning som i seg sjølv eller som del av eit bygningsmiljø har historisk, arkitektonisk eller annan kulturell verdi som bør takast vare på, kan kommunen krevje at det vert teke omsyn til desse verdiane ved endring av eksisterande bygning eller oppussing av fasade. Med sikte på vern og /eller tilbakeføring av karakteren til bygningen kan kommunen krevje at utforming av tak, fasadar, vindauge og dører, materialbruk og fargar vert vidareført eller tilbakeført.*
- *Dersom det i samband med tiltak under vatn eller i marka vert funne automatiske frede kulturminne som ikkje er kjende, skal arbeidet stansast i den grad det verkar inn på kulturminnet eller sikringssona til kulturminnet. Alle tiltak som vil eller kan verke inn på slike kulturminne skal leggast fram for kulturminnestyresmaktene for godkjenning.*

Ein aktiv bruk av omsynssone vil gje dei utvalde områda ein status som verneverdige kulturmiljømiljø etter kommuneplanen. Ein status det gjerne vert stilt spørsmål etter ved søknad om finansiering av restaureringstiltak. For å sikre kommunen eit best mogeleg styringsverktøy, vil vi tilrå at det i retningslinjene til omsynssonene vert stilt krav om at tiltak innan for omsynssonene, skal avklarast ved ordinær søknad etter plan- og bygningsloven. For å kunne sikre ein god samanheng mellom kultur, reiseliv og anna næringsutvikling, er det viktig at nye bygningar og tilbygg/påbygg i stor grad kan tilpassast landskap og eksisterande bygningsmiljø på ein god måte. Samtidig må det ved utbyggingar leggjast vekt på å ta vare på overordna grønt-drag og kulturlandskapselement som, steingardar, stølsvegar, verneverdige bygningar og kulturminne både på land og i vatnet.

I rapporten, Verdifulle kulturlandskap i Norge – Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap, finn vi tre utvalde regionalt viktige kulturlandskap i Flora kommune. Dette er «Krokane» som er valt ut fordi det representerer ein heilt spesiell hagemarkstype. «Grøndalen» er valt ut fordi at området har eit stort innslag av monumentale karakteristiske styringstrær av edellauvskog. «Kinn» er valt ut fordi det har eit variert kulturlandskap og store kulturhistoriske verdiar. Denne lista er sjølv sagt ikkje uttømande. Her kan det vere andre område der Flora kommune vel å ta spesielle omsyn til kvalitetane i landskapet. Vi vil her tilrå at Flora kommune gjennom planen legg føringa for å kunne ta vare på historisk-, arkitektonisk og anna kulturell verdi knytt til kulturlandskap og bygningar sitt ytre og omliggjande miljø, pbl §11-9Nr5. Gjennom retningslinjer til planen, vil vi tilrå at det ved handsaming av tiltak på SEFRAK- registrerte bygningar, vert sett krav til ordinær søknad etter pbl§20-1 og at det skal gjerast ei særleg vurdering av verneverdi. Gjennom retningslinjene til kommuneplanen, må det gå fram at tiltak på eksisterande bygningar bygt før 1850, krev søknad etter pbl. Tiltak på desse bygningane, som gjeld tilbygg, påbygg ombygging riving eller utvendige reperasjonar skal etter kulturminnelova, leggjast fram for regional kulturminnemynde for uttale. For å kunne fange opp ein større del av dei kulturhistorisk viktige bygningane, vil vi tilrå at denne grensa med fordel vert sett til før 1940.

Verdifullt kulturlandskapsområde (H550)

Eksempel på retningslinjer til omsynssone H550, sone for regionalt og nasjonalt verdifullt kulturlandskapsområde i Flora kommune:

- *I soner med særleg omsyn til kulturlandskapet, må ikkje kulturminne som steingardar, rydningsrøyser, steinsette bekkefar o.a. fjernast eller forfalle. Det må ikkje gjerast planering, graving eller fylling som endrar landskapskarakteren eller i*

nemnande grad terrengrøfelen. Eksisterande hytter, naust og uthus skal haldast ved like, utan vesentleg endring i materialbruk eller storleik. Bruk, tilkomst og tekniske løysingar skal underordne seg omsyna som ligg til grunn for soneføremålet.

- *Omsynssona avgrensar området som blei utpekt som nasjonalt utvald kulturlandskap i 1994. Området omfattar eit heilskapleg og samanhengande jordbruksområde med store biologiske, kulturhistoriske og estetiske landskapsverdiar. Det skal takast særlege omsyn til jordbruksdrift og kulturlandskap ved planlegging, handsaming av søknadar og gjennomføring av tiltak innanfor området.*
- *Kvalitetane i landskapet er skildra og vektlagt i mellom anna Verdifulle kulturlandskap og kulturmarkstyper i Sogn og Fjordane – Prioriterte områder (1993). Områda skal forvaltast slik at kvalitetane i landskapet, slik dei er skildra og vektlagde, vert oppretthalde og styrka.*

Forvaltning og utvikling av sjøhus

Nordplan har på vegne av Flora kommune utarbeidd ein eigen plan for forvaltning og utvikling av sjøhus. Bakgrunnen for arbeidet er å implementere retningsliner for forvalting og vedlikehald av dei gamle sjøhusa i kommuneplanen. Ein viktig målsetjing for her er å finne måtar setje istand og bruke bygningane på slik at bygningskulturen dei gamle sjøhusa representerer blir vidareført. I arbeidet med sjøbuer har Nordplan freista å gje eit historisk overblikk, sett på situasjonen i dag, omtalt særlege verdiar og sett på norm for forvalting.

Gjennom Nordplan sin utgjeiinga, «Forvaltning og utvikling av sjøhus», har Flora kommune fått ei vurdering av ein del kjente kulturminne knytt til sjøhusmiljøa. Det er likevel ikkje alltid desse verdivurderingane er følgt opp gjennom det planforslaget som no ligg føre. Det vi sakanar er at det vert gjort eit skilje, mellom dei områda der det skal leggjast spesiell vekt på det antikvariske uttrykket og dei kulturhistoriske verdiane og områder der ein kan tillate ei viss form for endring utan at det går utover dei kvalitetane som ligg til området. Dei ulike områda må så markerast med eigne omsynssone, H570 og høvelege retningslinjer. I føresegndene under punkt 2.8, er sjøbuer ført opp som eige tema. Det er her vist til plan- og bygningslova § 11-9 Nr7. Dette er ein paragraf som kan nyttast for å ta omsyn til historisk og antikvarisk verdi på eksisterande bygningar og anna kulturmiljø. Paragraffen er meit å erstatte – vidareføre §92 i gamal pbl. *I den samanheng vil vi tilrå at det vert gjort ein del endringar til punkt 2.8 c. Her vil vi tilrå at teksten vert utforma slik: Det skal nyttast gjennomgåande sprosser,utananpåliggjande sprosser kan ikkje nyttast. Vindauge og dører av aluminium og plast, skal ikkje nyttast. Til punkt 2.8 d, I vedlikehald av gamle sjøbus, skal det leggjast vekt på tradisjonell byggjeskikk i området,kledning med taksteinforma bøljeplater skal ikkje nyttast.*

3.3 Plan for kulturminne i Flora kommune

Alle kommunar har eit kontinuerlig arbeid med å ta vare på, forvalte og prioritere sine kulturminner. For å styrke kommunane i arbeidet, har fylkeskommunen oppretta prosjektet Lokale kulturminneplanar der alle kommunane i fylket får både økonomisk og fagleg støtte til å utarbeide lokale planar for kulturminne. Riksantikvaren har også gått inn og gitt kommunane i fylket 100 000,- kr til registrering av kulturminner i samband med at dei lagar lokale kulturminneplanar. Då Flora kommune var ein av dei første i landet som fekk tilskot frå Riksantikvaren til kulturminneregistrering fekk dei løyvd 200 000,- kr til dette arbeidet. Kommunane kan i tillegg få eit tilskot frå fylkeskommunen på kr. 50 000,- til planarbeidet.

Flora kommune har valt å ta opp eige tema for kulturminne i samband med revisjon av kommuneplanens arealdel i staden for å lage ein eigen tematisk kommunedelplan. Intensjonen med kulturminnearbeidet er å kartlegge lokalt viktig kulturminne og prioritere mellom dei. Kommunane kan gjere eigne prioriteringer og det er ein erkjennelse at t.d. Flora kommune har mange ulike typar kulturminner og må prioritere planarbeidet ut frå framkome behov og tilgjengelege ressursar. Kommunen har i denne samanhengen utarbeidd ein eigen handlingsplan for kulturminne som er ei vidareføring av arbeidet som vart gjort på kulturminnetemaet i samfunnssdelen: Handlingsplan for kulturminne 2015-2019. Målet med handlingsplanen er å konkretisere tiltak og å gjere tiltak juridisk bindande gjennom kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar.

Etter vår vurdering er dette ein god måte å arbeide på, då kommunen her kan sikre vern av dei lokalt viktige kulturminna i Flora gjennom bruk av omsynssone c) jf. Pbl. § 11-8, samstundes som at kulturminna vert gitt ein omtale med vurdering og prioritering i planskildringa.

Framlegget til temaplankart og handlingsplan som no er sendt på høyring, er etter vår vurdering uferdig og har behov for å arbeidast vidare med, slik at det kan bli eit godt verktøy i dykka arbeid med forvaltning, bevaring og utvikling av kulturminna i kommunen. Ein vesentleg del av det attståande arbeidet med å integrere kulturminna, i prioritert rekkefølge, i kommuneplanens arealdel er, etter vår vurdering, at kommunen vel ut dei mest verneverdige kulturminna. Desse kulturminna må de gjere ei kulturhistorisk vurdering av og skildre deira kulturhistoriske verdi på ein god måte. Vi vurderer det som svært viktig at desse verneverdige kulturminna i Flora kommune frå nyare tid vert synleggjort i planskildringa, plankartet og retningslinjene i arealdelen i tillegg til Handlingsplanen.

Planskildring

Kap. 5.4 i planskildringa bør etter vår vurdering utvidast vesentleg for å kunne fungere som eit alternativ til ein eigen kommunedelplan for kulturminne. I ein slik omtale vil vi rá til at de i tillegg til den generelle omtalen av sjøhusmiljøet gjer greie for følgjande tema:

- Nasjonale miljømål for kulturminner og kulturmiljø
- Føremålet med planarbeidet
- Kva kulturminne er det som er karakteristisk eller særmerkte for dei ulike delane av Flora kommune.
- Statuskildring basert på eksisterande informasjon og rapporten *Forvaltning og utvikling av sjøhus*:
 - Kort om kulturminna sine materielle verdiar.
 - Kva kriterier de har brukt for å velje ut dei verneverdige kulturminna i Flora kommune. Vi syner her til Riksantikvaren si Håndbok for Lokal registrering kapittel 3 Verdisetting og vekting – kriterier. Om dykk har behov for bistand til dette arbeidet kan fylkeskommunen bidra med hjelp.
 - Oversikt over dei viktigaste kulturminna og kulturmiljøa i Flora. Desse må kome i tillegg til dei kulturminna som er omtala i handlingsdelen og som er vurdert til å ha nasjonal kulturminneverdi. Til dette arbeidet vil vi rá dykk til å bruke rapporten *Forvaltning og utvikling av sjøhus* som utgangspunkt for å velje ut kva sjøhus/sjøhus miljø i Flora som har ein høg lokal kulturminneverdi og som skal sikrast eit varig vern ved bruk av omsynssone c) jf. Pbl. §11-8. I denne samanhengen er det viktig å vere konkret på kva sjøhus/sjøhusmiljø i Flora som er dei viktigaste. Alle har ikkje den same kulturhistoriske verdien og det er her viktig å trekke fram dei kulturhistorisk mest verdifulle sjøhusa/sjøhusmiljøa.
 - Omtale av kulturminne av kulturminne med høg lokal verdi som er valt ut for å få ein omsynssone c) jfj. Pbl. §11-8
 - Kulturminna som har fått ein omsynssone i arealdelen til kommuneplanen må leggast inn i kulturminnedatabase Askeladden.

Mange eigalarar har behov for tilskot til istrandsetjing av kulturminna sine. Ved å omtale lokale kulturminne i ein lokal kulturminneplan og gje ein omsynssone c) fji. Pbl §11-8 vil Fora kommune vere med på å styrke den enkelte eigar sin søknad om støtte til i standsetjing frå til dømes Norsk kulturminnerefond. Vi vil difor rá dykk til å ta inn kort informasjon om moglegheita til å søkje støtte til antikvarisk istrandsetjing av verneverdige kulturminne. Her er spesielt Norsk kulturminnerefond ein viktig aktør som kvart år gjev store summar til private eigalarar av verneverdige kulturminne. Handlingsplan for kulturminne 2015 – 2019 har i kap 5.0 ein handlingsplan der punkt 11 er opprettenga av eit fond til utvikling og rehabilitering av kulturminne. Dette er etter vår vurdering eit godt tiltak som saman med bruk av omsynssone i arealdelen vil vere ei god støtte for den enkelte eigar av verneverdige kulturminne i Flora kommune.

Plankart og retningslinjer

I plankartet må dei lokale kulturminna Flora kommune har valgt ut for eit formelt vern, merkast av som omsynssone med SOSI-kode H570 slik at dei vert synlege i kartet i tillegg til planomtales, sjå kapittelet «Verneverdige bygningar, kulturmiljø (H570) (pkt. 3.2).

I tillegg har vi nedanfor gitt råd om andre omsyn de bør legge til grunn i det vidare arbeidet.

I omsynssona skal omsynet til vern vere førande for arealbruken, byggje- og anleggstiltak. Eksisterande hus, uthus, naust og sjøhus skal haldast ved like, utan vesentleg endring i materialbruk eller storleik. Ved i standsetjing av bygningar skal mest mogleg av den eldre/opphevlede materialen nyttast om att, der ein må skifte ut material skal den nye materialen ha same utforming og kvalitet som den gamle/opphevlede materialen.

Kulturminna må sjåast i samanheng med omgjevnadane sine, og ved ny busetnad og anlegg i nærliken av kulturminne må det arbeidast for ei tilpassing. Alle tiltaka som kan verke inn på eit kulturminne eller omgjevnadane til kulturminnet skal prosjekterast og utførast slik at tiltaket har gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til funksjonen til tiltaket, omgjevnadane og plasseringa.

Bruk, tilkomst og tekniske løysingar skal underordne seg omsyna som ligg til grunn for soneføremålet. Innanfor sona må ikkje kulturminne som steingardar, rydningsrøyser, steinsette bekkefar og anna fjernast eller forfalle. Det må ikkje gjerast planering, graving eller fylling som endrar landskapskarakteren eller i nemnande grad terrengprofilen.

Når det gjeld den endelege utforminga av retningslinjer må desse tilpassast dei utvalde kulturminna og føremålet med bevaring av desse.

Handlingsplan for kulturminne 2015-2019

Utkastet til Flora kommune sin handlingsplan for kulturminne inneholder ei rekke gode tiltak til Flora kommune sitt vidare arbeid med bevaring og utvikling av kulturminna i kommunen. Handlingsplanen ber etter vår vurdering preg av å vere uferdig. Mellom anna har dei verneverdige kulturminna i Flora fått svært lite merksemd, medan hovudfokus har vore på dei freida kulturminna. Det er heller ikkje valgt ut nokon verneverdige kulturminne utover ei generell omtale av sjøhusmiljøa i Flora. Vidare manglar mange av tiltaka dato for gjennomføring, budsjett og tydeleggjering av kven som har ansvaret for gjennomføring av tiltaka. Her er det etter vår vurdering særskilt viktig at kommunen sitt ansvar kjem tydeleg fram i tillegg til at det vert oppretta eit formelt samarbeid med dei mange partane som kommunen ynskjer å samarbeide med.

Vi rår elles til at følgjande vert arbeid vidare med:

- Inkludering av eit utval på 3-5 verneverdige kulturminne/kulturmiljø. Gjerne med utgangspunkt i dokumentet forvaltning og utvikling av sjøhus, eller dei kulturminna som kommunen vel legge ein omsynssone c9 over jf. pbl § 11-8
- Presisering av tiltaka , til dømes korleis kommunen ynskjer å støtte opp om arbeidet til Foreninga Svanhilds Venner.
- Tidfeste når tiltaka i handlingsdelen skal starte opp og vere ferdigstilt.
- Budsjett for arbeidet som skal gjerast.
- Presisering av ansvar.

Når det gjeld gravrøysene langs den indre leia finn vi det positivt at kommunen føl opp merknaden frå fylkeskommunen om samfunnssdelen om òg å ta med gravrøysene på Årebrot/Botnane i handlingsplanen. Men det hadde vore ynskjeleg om heile gravrøyssystemet generelt langs den indre leia i Flora kommune var med i handlingsplanen. Igjen vert det viktig å følgje opp tiltaka med omsynssone og tilhøyrande retningsliner og føresegner til arealdelen. Fylkeskommunen er vidare positiv til at samlinga av kulturminne ved Brandsøya er teke med i handlingsplanen.

Med helsing

Svein Arne Skuggen Hoff
fylkesdirektør

Annlaug Helene Kjelstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

Kopi av brev frå Riksantikvaren, datert 08.09.15.
Kopi av brev frå Bergen Sjøfartsmuseum, datert 08.09.15.

Mottakar (ar)

Flora kommune Postboks 264 6900 FLORØ

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Njøsavegen 2 6863 LEIKANGER